



Stiftinga for ei Kritisk og Undersøkjande Presse

Handlingsplan 2011-2013

Til handsaming på SKUP sitt årsmøte 1. april 2011

Visjon og målsetting

Stiftinga sitt føremål er å inspirere til undersøkjande journalistikk. I følgje SKUP sine vedtekter skal dette gjerast ved å:

- *“Sørge for at det minst en gang i året holdes et landsomfattende seminar om undersøkende journalistikk. (...)”*
- *“Bidra til at det beste undersøkende journalist-prosjektet hvert år blir premiert.”*
- *“Fremme samarbeid mellom journalister i Norge og internasjonalt.”*

Visjonen er at SKUP skal vera den leiande aktøren i arbeidet med å fremje utviklinga av undersøkjande journalistikk og vera aktiv i den journalistikkfaglege debatten i Norge under heile programperioden.

Arbeidet styret set i gang må vera rotfesta i handlingsplanen og øvrefe skisser, og til ei kvar tid vurderast opp mot dei rådande økonomiske rammevilkåra.

Handlingsplanen er eit styringsdokument, og det er årsmøtet som rettleiar styret i høve til dei overordna prioriteringane.

Me er glade for å vidareføre det nære og gode samarbeidet med Fritt Ord, Institutt for Journalistikk, Internasjonal Reporter, Norsk Journalistlag og Norsk Redaktørforening.

SKUP heldt fram som stifting, og hovudoppgåva er framleis den årlege SKUP-konferansen. I tillegg freistar styret på ulike vis å bringe SKUP sine visjonar ut til landets journalistar også utanom sjølve konferansehelga, mellom anna ved deltaking i lokale debattar og seminar. Me ynskjer også å vidareføre tilbodet om SKUP og Tore Sandbergs graveteam.

SKUP-prisen

SKUP skal halde fram med å dele ut SKUP-prisen og jobbe for å oppretthalde prisen sin posisjon som den gjærvaste journalistprisen for kritisk og undersøkjande journalistikk i Norge. Det er eit mål at dei innsendte bidraga samla sett representerer heile presse-Norge, både med omsyn til storleik, publiseringsplattform, ressursar og geografi.

SKUP-konferansen

I komande programperiode skal SKUP-konferansen framleis vera den viktigaste møteplassen for fagdebatt, erfaringsutveksling og kursing for norske journalistar.

Konferansen skal halde på ryet om å vera ein av dei leiande arenaene for etter- og vidareutdanning, både for journalistar og redaksjonelle leiarar.

Programmet skal spegle aktuelle problemstillingar i mediebildet, og ha relevante seminar både for lokalpresse og riksmidia. Me heldt også fram med bevisst å rekruttere førelesarar frå distrikta.

Konferansen skal som tidlegare evaluerast grundig kvart år.

Kapasitet

For å betre kunne måle det faktiske deltakartalet og økonomien i konferansen, vil styret frå 2011 operere med statistikk som syner utanlandske førelesarar som deltek på SKUP si rekning heile helga, utanlandske gjester som kjem og dreg att same dag og utanlandske gjester som betalar helgeopphaldet sjølv. Det skal også førast statistikk over ordinære norske helgedeltakarar, norske førelesarar som dreg att same dag og deltakarar med dagpakker. Som før vil me føre statistikk over kva slags media dei norske deltakarane kjem frå.

I tillegg til deltakarinteressa, er det fyrst og fremst romkapasiteten og kapasiteten under gallamiddagen som styrer deltakartalet. Før konferansen 2011 såg ein seg nøydd til å sette stopp for den elektroniske påmeldinga ved 593 påmeldte, og operere med venteliste etter dette. Me har forhandla ned prisen på dobbeltrom, for å få fleire sengeplassar.

Det er med andre ord meiningslaust å operere med såkalla rekordtal i påmeldingssamanheng, ettersom SKUP ved fleire høve må sette taket på deltakarar sjølv.

For konferansen 2011 har ein valt å flytte dansefesten etter prisutdelinga til restauranten, for å gjere tilbodet meir synleg og lettare tilgjengeleg. Dette betyr også at ein ikkje har behov for like stor scene i Oseberg som tidlegare, og at ein kan dekke til fleire under middagen.

Ved gjennomgang med hotellet og tekniskar, syner det seg at me no har eit makstal på 596 plassar under gallamiddagen, som er høgare enn nokon gong. Makstal under middagen har tidlegare vore 550 personar. Dersom flyttinga av dansefesten blir ein suksess, vil me difor framom neste konferanse ta utgangspunkt i 596 gjester laurdagen. Maks deltakartal vil bli estimert ut i frå dette, kor mange gjester/førelesarar som ikkje skal vera med på gallamiddagen og kor mange som vel å bu i dobbeltrom.

I år gjev me for første gong tilbod om helgepakke minus gallamiddagen, med ein prisreduksjon på 700 kroner.

Påmelding

SKUP ynskjer å justere påmeldingsskjemaet som har vore nytta fram til no, for å kunne gje eit enda betre tilpassa programtilbod. Per i dag er det berre questbackundersøkinga som går inn i deltakarane sine interessefelt og arbeidsområde, og svarprosenten på undersøkinga famnar ikkje alle deltakarane. Me vil difor operere med stillingstittel, eventuelle fagområde og spesielle interessefelt i påmeldingsskjemaet neste år. I tillegg til spørsmålet om enkeltrom/dobbelrom, vil deltakarane få høve til å krysse av om dei er viljuge til å bu i dobbeltrom dersom det syner seg å bli plassproblem, og også om dei kan vera interesserte i å kjøpe helgepakka utan gallamiddag.

Ved annonsering alle tidlegare år, har me operert med til dels ulike signal. Me seier ”fyrst til mølla”, har ein påmeldingsfrist – og samstundes avgrensa kapasitet og må sette stopp for påmeldingane før fristen går ut når interessa er stor. Til neste år skal me, i samråd med IJ, ha ein klarere plan.

Siste SKUP

SKUP skal halde fram med å gje ut konferansemagasinet ”Siste SKUP”. Det er eit uttalt mål at medlemene i redaksjonen vert rekruttert frå journalistutdanningane over heile landet, for å sikre nye eldsjeler til SKUP-familien. I dette ligg det også eit behov for ei årleg utskifting av

minimum to av redaksjonsmedlemene. Redaksjonen skal halde fram med å oppdatere skup.no under konferansen, og styret skal halde fram med å auke annonseinntektene i magasinet.

SKUP og IJ sin graveskule

Graveskulen dei fire dagane i forkant av konferansen har i fleire år gjeve deltakarane ei variert og konkret innføring i graveteknikk, metode og etikk.

Talet på deltakarar har dei siste åra gått noko ned, og SKUP vil difor gjennomføre ei grundig evaluering av tilbodet saman med IJ etter konferansen 2011. Det er eit mål å samle kring 40 deltakarar til skulen kvart år.

SKUP sin arbeidsleiarskule

SKUP sin arbeidsleiarskule blir vidareført som ein dagskonferanse i forkant av SKUP-konferansen. Målet er å samle redaksjonelle leiarar til eit dagskurs om graveleiing, og gjennom det gjere dei betre i stand til å stimulere til og iverksetje graveprosjekt i eigne redaksjonar. Skulen skal evaluerast kvart år.

Metoderapportar

Priskandidatane sine metoderapportar skal framleis publiserast på SKUP sine nettsider. I løpet av vinteren 2010-2011 har me også digitalisert alle dei eldste rapportane. Prosjektet er gjennomført med økonomisk støtte frå Fritt Ord.

Metoderapportane blir nytta både av journalistar i dagleg arbeid og til undervisnings- og forskingsføremål. Arkivet med rapportar i den originale forma dei vart vurdert av SKUP-juryen, er difor av vesentleg historisk verdi. Per i dag redigerar SKUP ikkje metoderapportane.

SKUP mottok imidlertid frå tid til annan førespurnader frå personar som opplever at omtala i gamle rapporter skapar ubehag, eller som hevdar at rapportane inneheldt udokumenterte karakteristikkar eller påstandar. SKUP har til no ikkje hatt interne retningslinjer for korleis ein handsamar slike førespurnader. Arbeidet med å utarbeide slike retningslinjer er no svært godt i gang, og vil halde fram i perioden.

Likeeins jobbar me no med å sjå på retningslinjene for skriving av metoderapportane. Bakgrunnen er at SKUP står som einaste publisist av metoderapportane. Me treng difor ei avklaring kring fleire juridiske og presseetiske spørsmål. Dilemmaet står mellom omsynet til den originale metoderapporten sin historiske verdi, og risikoen for at SKUP som publisist av uredigerte rapportar bryte både presseetiske og juridiske retningslinjer. Me har sett ned ei eige arbeidsgruppe til dette, og nyttar/vil nytte både NPF, NJ, juryen og rådet som rådgjevarar undervegs.

Sentrale spørsmål me ynskjer å få avklara i perioden er mellom anna

- 1) Er skup.no er å betrakte som ei nettavis?
- 2) Kven står ansvarleg for rapporten som berre blir publisert på skup.no? Er det forfattern sjølv, eller SKUP?
- 3) Kan, hypotetisk sett, ein metoderapport verte felt for brot på VVP i PFU? Og er det då forfattern, vedkomande sin arbeidsplass eller SKUP som blir felt?
- 4) Bør journalistane bli oppfordra til å følgje VVP i utforminga av rapportane, eller risikerer me då å miste verdifull bakgrunnsinformasjon?

- 5) Korleis skal SKUP i så fall handtere 4.14 og 4.15?
- 6) Kan eit alternativ til å følgje VVP i utforminga vera å vurdere redigering i rapportane før publisering (etter eigne retningsliner), og samstundes behalde ein originalkopi av rapporten i vårt eige arkiv?
- 7) Korleis bør SKUP i så fall forhalde seg til rapportane som vart publisert før evt. nye retningsliner trer i kraft, og til alle dei gamle rapportane som no er digitalisert?

I løpet av perioden skal det også utarbeidast ein søkbar database for samelege metoderapportar.

Klager på prisar og diplom

Det har hendt at SKUP har fått klager på tildelte prisar og diplom. I løpet av neste periode skal arbeidet med å utarbeide interne retningsliner for kven som handterer klagene og korleis den formelle saksgangen er, avsluttast. Arbeidet er alt godt i gang, og vil bli gjort gjennom rådføring med både juryen og rådet.

SKUP og Tore Sandbergs graveteam

SKUPs graveteam vart stifta i samband med 20-årsjubileet, og vidareført etter konferansen i 2010 som SKUP og Tore Sandbergs Graveteam. Konseptet er at ein utvalt redaksjon, etter søknad, får bistand frå eit skreddarsydd graveteam på inntil tre personar. Teamet si oppgåve er å coache redaksjonen gjennom eit konkret graveprosjekt som dei står fast i. Tore Sandberg møter den utvalde redaksjonen til eit kickoffseminar før arbeidet tek til.

I 2009 kom det inn ni søknadar, medan talet i 2010 var 13. Dette syner tydeleg at prosjektet er ønska i redaksjonane rundt om i landet. Graveteamet fyller SKUP sin visjon om å nå ut til og styrke redaksjonane sine kvalifikasjonar i undersøkjande metode også utanom sjølve konferansehelga, og er eit tilbod stiftinga ynskjer å halde fram med i perioden. Me er svært stolte over at Tore Sandberg ynskjer å bidra til SKUP sitt arbeid på denne måten.

Totalbudsjettet for 2011 er 120.000 kroner, og er finansiert av Fagpressen, Schibsted, Edda Media, A-Pressen, Media Norge. Pengane er ikkje frie midlar, men skal dekke arbeidspengar til teamet og kost og losji for desse, i tillegg til kjøp av naudsynte abonnement osv i redaksjonen.

Me heldt fram med ei startramme på 15 arbeidsdagar totalt (fem på kvart teammedlem) for teamet. Ei evt. auke i arbeidsdagar og utgifter til innkjøp skal avklarast med styret.

Det er oppretta ein eigen konto og budsjettpost for SKUP og Tore Sandbergs Graveteam.

Journalistfagleg debatt

Medlemene i SKUP-styret skal halde fram med å delta i debattar og seminar knytt til den journalistfaglege diskursen, og samarbeide med journalistutdanningane, NJs lokallag og mediebedriftene lokalt. Det er også eit mål at SKUP skal bli ei endå sterkare og meir synleg stemme i media.

Regionale konferansar

SKUP-styret skal i programperioden vidareføre dialogen med dei regionale journalistkonferansane og freiste å vere representert på samelege konferansar.

Skup.no

SKUP sin nettstad skal gjennom heile året haldast oppdatert om stoff knytt til SKUP sitt virkeområde og stiftinga sin aktivitet.

Internasjonalt samarbeid

SKUP har dei seinare åra vorte ein anerkjent graveorganisasjon også utanfor eigne landegrenser. Den vellukka GIJC-konferansen i 2008 har ikkje minst stadfesta denne posisjonen, som mellom anna kjem til syne i dei svært positive tilbakemeldingane me fær frå utanlandske føredragshaldarar. Det er eit mål at SKUP beheldt denne posisjonen i perioden som ligg framom oss.

SKUP-styret skal oppretthalde nettverkssamarbeidet med våre nordiske systerorganisasjonar generelt, og følgje opp den islandske graveorganisasjonen som no er i emning spesielt. SKUP har bidrege både økonomisk og med faglege og organisatoriske råd til islendingane, og ser fram til å følgje dei vidare i perioden. Som før skal me halde fram med å representere SKUP på Gräv og FUJ.

Me skal også halde fram med å støtte opp om og informere om det europeiske fondet for gravejournalistikk. Styremedlem Jan Gunnar Furuly sit no som SKUP sin representant i EFIJ.

Styret vidarefører også sitt engasjement i den globale konferansen GIJC. Styremedlem Jan Gunnar Furuly og styreleiar Heidi Molstad Andresen er engasjert i den komande konferansen i Kiev 2011.

SKUP-styret skal halde fram med å vera representert på Investigative Reporters and Editors (IRE)-konferansen.

Organisasjon

Dugnadsinnsats er fundamentet i SKUP sitt arbeid. Både i rådet og styret, men også i planlegging og gjennomføring av alt arbeid som skjer i SKUP-regi.

Handlingsplanen generelt og punkta som følgjer under spesielt, må sjåast i samanheng med dei vedtak som elles blir fatta av årsmøtet 2011.

Det skal haldast årsmøte kvart år, der ein vel styre, råd, valkomité og kontrollkomité.

SKUP-styret

Styret under leiing av styreleiar skal leie stiftinga sitt arbeid mellom årsmøta.

Styret skal spegle heile presse-Norge, og begge kjønn skal vera representert med minst 40 prosent.

Sekretariatet skal avlaste styret frå administrative oppgåver og førebu styret sitt arbeid i samarbeid med styret.

Talet på styremøte skal haldast på eit minimum. Ein skal i større grad nytte heildagsmøte og helgesamlinga for å få mest mogeleg tid til programarbeid.

Det er eit uttalt mål for perioden at styremedlema deltek på minimum 80 prosent av alle styremøta.

Det er også eit mål å nytte styret si epostgruppe meir effektivt til planlegging og diskusjonar mellom møta.

SKUP sitt råd



SKUP sitt råd skal vera eit rådgjevande organ for styret på oppmoding frå styret, og SKUP sine ambassadørar.

SKUP-sekretariatet

Ei eventuell vidareføring av sekretariatsleiarsstillinga som 100 prosent stilling blir handsama av 2011-årsstmøtet.

SKUP-sekretariatet skal legge til rette for drifta av stiftinga og ha ressursane dette krev. Sekretariatet fyller svært viktige oppgåver med å førebu sakspapir til styremøte, oppsummere, drive saksutgreiing, koordinere styret sitt arbeid, føre rekneskap og ha dag-til-dag-kontroll med økonomien. Sekretariatsleiaren heldt også i komande periode fram med å freiste å auke dei kommersielle inntektene til stiftinga, for å finansiere delar av utgiftsauken heiltidsstillinga inneber.

Arbeidsgjevaransvar

Styret manglar per i dag formelle rutinar for korleis ein ivaretek arbeidsgjevaransvaret i høve til arbeidsmiljølova og ferielova. Styret vil difor i komande periode innhente råd frå NJ om korleis ein best kan formalisere dette, for å vera budd på eventuelle tilsynsbesøk frå Arbeidstilsynet.

Styret har per i dag ikkje oversikt over korleis timetalet i heiltidsstillinga fordeler seg, og såleis ikkje grunnlag for å lage ei tydeleg dreiebok og årshjul for stillinga.

Dersom årsmøtet går inn for å vidareføre stillinga som eit to års åremål slik som styret ynskjer, vil sekretariatsleiaren difor føre daglege timelister frå etter konferanseslutt 2011, både for å sjå kva det reelle timetalet er, korleis det fordeler seg gjennom året og kor mykje av arbeidstida som fordeler seg på rekneskap kontra møteførebuing, koordinering osv. Ein vil då også kunne sjå kor kostnadskrevjande eigen rekneskapsføring er, kontra innkjøpte tenester som tidlegare.

Sekretariatsleiaren og styreleiaren heldt fram arbeidet med å strukturere drifta av stiftinga. Til dette ligg arbeidet med å lage ei tydeleg dreiebok og årshjul for styret og ei fullstendig oversikt over sekretariatsleiaren sine arbeidsoppgåver, rutinar og tidsfristar.

Styret ved styreleiaren er sekretariatsleiaren sin primære arbeidsgjevar og skal halde fram med å ha den daglege kontakten med sekretariatsleiaren.

Ein heldt også fram med føring og gjennomgang av arbeidslister, og elles systematisere og betre arbeidsrutinane generelt.

Styreleiaren skal halde fram med å gjennomføre to medarbeidersamtaler med sekretariatsleiaren kvart år.

Valkomiteen

Valkomiteen har til oppgåve å rekruttere nye styremedlem og å tydeleg informere desse og arbeidsgjevarane deira kva vervet inneber av tid og pengar. Valkomiteen har utarbeidd eit informasjonsskriv til nye styremedlemmer og arbeidsgjevarar som synleggjer kva stiftinga ventar seg av nye styremedlem, og dette skal nyttast også i komande periode.

Kontrollkomiteen



Kontrollkomiteen har diverre ikkje rutinemessig fått fortløpande tilsendt alle dokument som har vore handsama av styret, referat frå styremøte eller rekneskapsrapportar, slik som vedtektene krev. Dette beklagar styret. Komiteen sjølv etterlyste fyrst desse dokumenta 6. januar 2011. Dei fekk då samelege referat og styresaker handsama fram til denne tidspunktet, og ein førebels rekneskapsrapport. Styret og kontrollkomiteen er samde om å jobbe for å betre samarbeidsrutinane for komande periode.

Økonomi

SKUP har solid økonomi ved inngangen til denne programperioden. Den gode eigenkapitalen gjev stiftinga tryggleik, men det er ikkje eit mål i seg sjølv å styrke eigenkapitalen.

Styret har eit særleg ansvar å sikre at midla kjem stiftinga sitt føremål til gode.

Prisen for deltaking på konferansen skal haldast på eit ansvarleg nivå og ta utgangspunkt i det daglege prisnivået. Styret skal berre heilt unnataksvis honorere utanlandske føredragshaldarar for si deltaking på konferansen. Norske førelesarar frå pressa sine eigne rekker skal som før få si konferansedeltaking og utgifter dekt av arbeidsgjevar.

Som eit ledd i arbeidet med å styrke og sikre stiftinga sin økonomi utan å auke konferanseavgifta ytterlegare, har SKUP gått inn på ei open intensjonsavtale med Quality Hotel Tønsberg. Den sikrar oss mot stor prisauke dei komande to åra. Begge partar står fritt til å trekkje seg frå avtala når ein måtte ynskje. Me heldt difor fram med å fortløpande vurdere alternative hotelltilbod.

Heidi Molstad Andresen
(Styreleiar)